



Andri, Sigmar og Tanel får ros for god jobb.

3 snikkarar frå Estland og 2 frå Latvia er no igang med innspurten på 3 av dei 5 tomannsbustadane som vert bygt i Ospelunden. Dei er lova ferdige til 1. juli og Oddbjørn Kroka kan bekrefte tidspunktet. Fagfolka frå Baltikum får mange lovord for god jobb, ikkje minst frå Kvinnherad Bygg som har entreprisen.

- Vi tenar svært mykje meir her enn heime, seier dei 3 frå Estland når uskedalen.no spør om grunnen til at dei har kome til oss. Både Andri Kuus, Sigmar Stalde og Tanel Kangsepp kjem frå byen Vøru tett på Russlandgrensen og Andri og Tanel har vore her eitt år medan Sigmar berre har 3 månader bak seg på norsk grunn. Dei bur på Sunde.



[Dei to neste husa skal liggja oppover i skråningen til høgre](#)

Oddbjørn Kroka opplysar at han nå har selt 8 av dei 10 bustadane og det er han naturleg nok svært nøgd med. Dei neste 2 husa som ligg noko lenger oppe skal vera klare for innflytting til jul, I tillegg har han selt ein einebustad lenger oppe i skråningen.

Kroka gjekk ut med ein pris for bustadane på 2 150 000 utan garasje og 2 350 000 med garasje og det er også dei aktuelle salgssummane.

Alle er husbankfinansierte. Marknadsføringa er skjedd mellom anna gjennom finn.no og Facebook. Bustadgrenda er næmast ein kopi av Hagetunet i sentrum av Uskedalen og det er tydeleg at form og innhald på husa har vore vellukka. Dei nye bebruarane i Ospelunden vil ha panoramautsikt mot fjorden.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Dei baltiske snikkarane trivs i Uskedalen